

Kontrollutvalet

38

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/18	216	10.09.2018	18.09.2018	IBM

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2018 - FINANSIELL REVISJON

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå revisor til vitende.


Vedlegg

1. Overordnet revisjonsstrategi. Utarbeida av Kommunerevisjonen i Nordfjord, motteke 05.09.2018.

Saksopplysningar

Revisor gjennomgår si planlegging av finansiell revisjon for revisjonsåret.


Jostein Støylen
Dagleg leiar


Ida Birgitte Marholm
Konsulent

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD	Oppdrag:	Arkiv:
	1.6	13.1
Oppdrag:	År:	Utarb. dato/sign.:
Vågsøy kommune - årsrekneskaper	2018	29.01.2018 / TM
Sak:		Gj.gått dato/sign.:
Overordnet revisjonsstrategi		4.9.-18 MS

I henhold til ISA 300 pkt. 7 må revisor utarbeide en overordnet revisjonsstrategi for oppdraget.
Revisjonsstrategien og overordnede handlinger må dokumenteres, jf. ISA 300 pkt. 12 ISA 240 pkt 45 og ISA 330 pkt 28.

Innholdet i revisjonsstrategien framgår av ISA 300 pkt. 8.

Vedlegg til ISA 300 gir eksempler på forhold som revisor kan vurdere ved utarbeidelse av den overordnede revisjonsstrategien og kan benyttes som en sjekkliste.

Hovedreferanser:

ISA 300 – Planlegging av revisjon av regnskaper, pkt. 7-8.

ISA 315 – Identifisering og vurdering av risikoene for vesentlig feilinformasjon gjennom forståelse av enheten og dens omgivelser, pkt 5.

ISA 330 – Revisjonshandlinger for å håndtere anslått risiko, pkt. 5, 28

ISA 240 – Revisors oppgaver med og plikter til å vurdere misligheter ved revisjon av regnskaper, pkt. 28-29.

ISA 315 pkt 5 krever at revisor utfører risikovurderingshandlinger for å danne grunnlag for å identifisere og anslå risikoer for vesentlige feil på regnskapsnivå.

ISA 330 pkt. 5 og RS 240 pkt. 28-29 krever at revisor må fastsette overordnede handlinger på regnskapsnivå.

INNHALD

1. Innleiing
2. «Karakteristiske trekk ved oppdraget som definerer oppdragets omfang» (jf ISA 300 pkt 8 a):
3. «Oppdragets rapporteringsmål for å planlegge når revisjonen skal gjennomføres og typen kommunikasjon som kreves» (ISA 300 pkt 8 b)
4. «Vurdere hvilke faktorer som etter revisors profesjonelle skjønn vil være avgjørende for styring av arbeidet til medlemmene av revisjonsteamet» (ISA 300 pkt 8 c):
5. «Vurdere resultatene av de innledende handlingene og, der det er relevant, hvorvidt kunnskap som er opparbeidet på andre oppdrag utført av oppdragsansvarlig revisor for enheten, er relevant» (ISA pkt 8 d)
6. «Verifisere typen og omfanget av ressurser som er nødvendige for å gjennomføre oppdraget, samt når ressursene må være tilgjengelige» (ISA pkt 8 e, jf punkt A8–A11)
7. Viktig informasjon/moment ved utføring av revisjonen

1 Innleiing

Kommunens årsrekneskap som eitt oppdrag

Opplysningar i strategiplanane for kommunerekneskapane skal avgrensast til å gjelde kommunen som juridisk person. KF høyrer under kommunen som juridisk person, men merk at desse opererer vi likevel som særskilde oppdrag (fordi KF skal ha særskild rekneskap – f.t. ingen KF i Vågsøy).

Overordna handlingar og kvalitetskontroll

Formålet med revisjon er å auke brukarane sin tillit til rekneskapen, og revisor si oppgåve er å gi uttrykk for om årsrekneskapen hovudsakleg er utarbeidd i samsvar med gjeldande rammeverk. Revisjonsarbeidet skal planleggast slik at revisjonen kan utførast på ein effektiv måte. Revisjonssjefen har utarbeidd verksemdplan (plan for oppdragsstyring og årsplan) *for heile kontoret*, og i tillegg ei oversikt over bruk av metodikkskjema, jf skjema 2.4 Oversikt planprosess, som forklarar *revisjonsprosessen per oppdrag*. Når skjemaet er utfylt, dokumenterer dette i stor grad den interne kontrollen hos oss. Som medlem av NKRF er vi elles underlagt forbundsbasert kvalitetskontroll.

Metodikk

Vi bruker Revisjonsmetodikk Praktisk Del frå NKRF; ”RPD-en”. Vi mottok oppdatering av RPD-en i desember 2010, men denne vart først teke i bruk sommaren 2011 for revisjon av årsrekneskapen 2011.

Planlegging

Revisjonssjefen utarbeider overordna revisjonsstrategi i samsvar med ISA 300 i samråd med revisjonskonsulentane. Revisjonsplanane utarbeider revisorane i samråd med revisjonssjefen; Vi har revisjonsplan per område – ei plan for løpande revisjon og ei for årskontrollar. I tillegg har vi ei plan for årsoppgjørskontrollar som er områdeuavhengig.

Fullmakt

Revisjonssjefen har valt å gi sjølvstendige arbeidsoppgåver med vide fullmakter. Viktige spørsmål eller spørsmål som valdar særleg tvil skal likevel alltid leggast fram for revisjonssjefen.

2 ”Karakteristiske trekk ved oppdraget som definerer oppdragets omfang” (jf ISA 300 pkt 8 a)

Særskild rekneskapsforskrift for kommunane. Særskild kontoplan, jf hovudveileder KOSTRA:
http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/kostra/Hovedveileder2012_endelig_til_publicisering_oppdatert161211.pdf

- Forståelse av kommunen, jf skjema 13.2.
- Inndeling i område, jf skjema 13.1.4
- Fastsetjing av vesentleggrense, jf skjema 13.1.3.

Budsjettrekneskap

Kommunerekneskapen er ein budsjettrekneskap der løyvde midlar skal brukast til bestemte formål. Rekneskapen kan seiast å vere budsjettstyrt (ikkje resultatstyrt). Dette er lovbestemt og det er kommunestyret som har ansvaret – kor mykje skal brukast og kva skal midlane brukast til. Det er ikkje formålstenleg å ha ubrukte driftsmidlar ved årets slutt (utover det kommunestyret evt har budsjettert avsett). I hovudsak skal inntektene som kommunen har eit år dekke utgiftene det same året.

Budsjettrekneskapen er to-delt; ein drifts- og ein investeringsrekneskap.

Kompleks tenesteorientert organisasjon

Rekneskapen består for det meste av kostnader knytt til tenester som kommunen sjølv produserer:

- Tenester m.o.t. oppvekstvilkår for barn.
- Tenester m.o.t. helse for folket (alle – både yngre og eldre).
- Tenester m.o.t. pleie for funksjonshemma og eldre.
- Tenester m.o.t. forureining og reint vatn.
- Tenester m.o.t. kommunikasjon.
- Tenester m.o.t. arealplanlegging, kart- og oppmålingsdata
- Tenester m.o.t. tilrettelegging av utbyggingsområde (bustad-, fritid- og næringsareal)
- Tenester m.o.t. brannvern og redning.
- Tenester m.o.t. opplevingar for folket – det utvida kulturomgrepet.

I 2018 utgjer lønsbudsjettet 67% av samla driftsutgifter.

Finansiering

Utgiftene i *driftsrekneskapen* blir først og fremst finansiert med overføring frå staten og skatteinntekter, til saman 70 % av samla driftsinntekter. I tillegg har kommunen litt sal av varer og tenester.

Utgiftene i *investeringsrekneskapen* blir i stor grad finansiert med lånemidlar.

Deler av verksemda er *avgiftspliktig*; VAR-områda (vatn, avløp, renovasjon), feing og ymse sal av tilfeldige tenester (for eksempel kopiering).

Anna kommunal verksemd gir *momskompensasjon*. Verksemd som ikkje er spesielt kommunal gir ikkje rett til momskompensasjon (for eksempel utleige av bustadar).

Immunitet m.o.t. tvang

Kommunelova § 55. Utlegg og arrest. Konkurs og gjeldsforhandling:

1. «En kommunes eller fylkeskommunes eiendeler *kan ikke* være gjenstand for utlegg eller arrest.»
2. «En kommune eller fylkeskommune *kan ikke* tas under konkurs eller åpne gjeldsforhandling etter lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs.»

3 «Oppdragets rapporteringsmål for å planlegge når revisjonen skal gjennomføres og typen kommunikasjon som kreves», (pkt b):
(jf handboka side 760).

- Tidsplan, *jf skjema 13.1.1 pkt 1.1*

4 «Vurdere hvilke faktorer som etter revisors profesjonelle skjønn vil være avgjørende for styring av arbeidet til medlemmene av revisjonsteamet (pkt c)»

- Angrepsvinkel, *jf skjema 13.1.2*
- Oppsummering av risikovurderinga, *jf RPD arkiv 13.2*
Jf. RPD arkiv: x.4Grunnlag for revisjonsplan (L/Å finnes under løpende per område).

Organisering

Kommunerevisjonen i Nordfjord har 5 tilsette lokalisert i 4 av dei 6 kommunane i revisjonsdistriktet. Den overordna revisjonsstrategien og revisjonsplanen er eit resultat av eit samarbeid mellom revisorane, mens kontrollhandlingane blir utført av den "stasjonære" revisor. Internmøta, e-post og telefon er viktige faktorar for kommunikasjon i revisjonseininga.

5 «Vurdere resultatene av de innledende handlingene og, der det er relevant, hvorvidt kunnskap som er opparbeidet på andre oppdrag utført av oppdragsansvarlig revisor for enheten, er relevant (pkt d)»

- Engasjementsbrev, *jf skjema 14.1.2*
- Handlinger vedrørende habilitet, *jf skjema 14.1.2 og 14.1.3*

Forhold som må vurderast ved nye oppdrag, jf ISA 210

~~Ikkje aktuelt for interkommunalt samarbeidsorgan.~~

Den eksterne kvalitetskontrolløren peika på (august 2018) at også interkommunale samarbeidsorgan er pliktige til å gjere desse vurderingane. Dette er krav som har samanheng med at vi er konkurranseutsett. (Han var samd i at vi kan meine at dette ikkje er viktig for oss all den tid vi er tilsette i eit samarbeidsorgan som ikkje er sjølvstendig juridisk eining, men seier at tolkinga til NKRF er at vi også må gjere denne vurderinga. Han tok likevel ikkje med merknad om dette.) MS 4.9.-18

Engasjementsbrev, kfr ISA 210

Revisjonssjefen skriv «Orientering om kommunerevisjonen» til kontrollutvala når dei er valt, (kvart 4. år), sist 20.10 2015.

Habilitet

For at revisorane skal vere uavhengige og ikkje skal miste sin objektivitet overfor den reviderte, er det viktig å arbeide i fleire kommunar. Kvalitetskontrollen har peika på behovet for tett oppfølging av revisorane. Det kan seiast å vere både formelle og reelle grunnar som ligg til grunn for oppfølging - det er krav i standardane - men like viktig er det med oppfølging/samarbeid med tanke på at tre av revisorane er plassert på kontor aleine. Revisorane skriv erklæring til revisjonssjefen om sin habilitet, *jf skjema 14.1.3*. Revisjonssjefen skriv erklæring til kontrollutvalet, *jf skjema 14.1.2*.

Opparbeidd kunnskap/erfaring

Skjema 1.1 – til oppfølging.

6 «Verifisere typen og omfanget av ressurser som er nødvendige for å gjennomføre oppdraget, samt når ressursene må være tilgjengelige» (pkt e, jf punkt A8–A11)

- Tidsplan, *jf skjema 13.1.1 pkt 1.2*

Med vår organisering, der vi har revisor stasjonert i Måløy, er det naturleg at det er denne revisoren som reviderer årsrekneskapen for Vågsøy. Elles skal alle tre revisorane som arbeider med finansiell revisjon samarbeide om å finne/drøfte hensiktsmessige kontrollhandlingar. Særleg har dette vore ønskeleg då ein av revisorane har lang erfaring.

Viktige spørsmål eller spørsmål som valdar særleg tvil skal likevel alltid leggest fram for revisjonssjefen.